

Strikkekafe igang att?

20.02.2013



Strikkekafe har vore ein populær aktivitet i regi av UU i Gamleskolen og det fleire spør om no er om aktiviteten kjem igang att. Saka var oppe i siste styremøte.

Det heiter i protokollen at det må arbeidast for at drifta av strikkekafeen kjemi gang att. Og det vert etterlyst nokon til å stå for kafedelen. Så då får vi vona at det vert strikkekafe også i 2013.

Ei anna sak som vart påpeika er at gjerdet er defekt ved busskuret ved nedkjørselen til skulen. Det vert no teke initiativ for å få dette utbetra.

Styret skal elles ta kontakt md ulike aktørar med tanke på annonseplass på nettsida. Prisen er 3000 kroner i året